# Planleggingsmal for modulen *Sortering utandørs*

Målet med denne modulen er å få
- ei djupare forståing av sortering som grunnleggande realfagleg aktivitet
- innsikt i korleis sortering kan brukast for å utforske naturen
- idear til korleis de kan støtte og inspirere barna til å sortere noko dei finn utandørs

| **Førebu aktiviteten:** | **Introduksjon og gjennomføring:** |
|---|---|
| Kvar skal de dra med barnegruppa for å gjennomføre sorteringsaktivitetar?<br><br>Kva naturmateriale tilbyr dette området og kva for nokre moglegheiter gir det for sortering?<br><br>Kva slags materiell skal de ta med (bøtter, luper, posar, artshandbok, anna)? | Korleis vil de starte aktiviteten?<br><br>Kva spørsmål og kommentarar vil de tilby barna undervegs i sorteringa for å utvide tenkinga deira?<br><br>Kva omgrep trur de barna kjem til å bruke når dei sorterer?<br><br>Korleis vil de sørge for at barna rettar merksamda mot dei ulike måtane dei sorterer på? |

| **Å utforske naturen** |
|---|
| Kva ønsker de at barna skal lære om naturen gjennom aktiviteten?<br><br>Korleis vil de la barna medverke og bruke utforskartrongen i aktiviteten?<br><br>Korleis kan de styre aktiviteten mot sortering dersom responsen frå barna ikkje blir som forventa (utan å øydelegge for utforskinga og leiken hos barna)? |

| **Oppsummering** |
|---|
| Kva er det viktigaste de ønsker å fokusere på i oppsummeringa saman med barna? |